

KÅRE KOLÅS TIL MINNE

Du gav oss ein arv til å gøyma

Frå tidleg på 1900-talet blei det innan norskdomsorganisasjonane - Noregs Mållag, Noregs Ungdomslag og nærlekta grupperingar i denne rørsla sett i gang over 200 kaffistover, bondeheimar, aviser, trykkeri, forlag, folkehøgskolar, landsgymnas, profesjonelle teaterscener og andre lagsbruk. I meir enn førti år var Kåre Kolås blant dei fremste medarbeidarane og tillitsfolka i dette miljøet.

Etter det - som pensjonist - var han resten av levetida si brennande oppteken av å få gjort dette storarbeidet synleg for andre gjennom å samla historie og statistisk dokumentasjon frå denne viktige tida for rørsla.

Kåre Kolås var fødd i Lindås i 1917. Den faglege bakgrunnen fekk han som ingeniør innan elektrofaget, men tilleggsutdanning og arbeidsoppgåver glei meir og meir over i økonomi og administrasjon gjennom 20 år som medeigar i ei produksjonsverksemd.

Ideologisk ballast hadde han frå heimen. Det fundamentet blei vidare styrka gjennom eit år på Fana folkehøgskule. Dermed blei han i 1938 medlem i Bondeungdomslaget i Bergen - som i tillegg til det reine mållagsarbeidet blei hans faste hovudarena for kulturelt engasjement resten av livet.

I tiåra etter 1945 var Kåre Kolås ein av dei fremste medarbeidarane i dei norske lagsbruka. Han var styremedlem i Lagsbruki til Bondeungdomslaget i Bergen (Hotell Hordaheimen med fleire) 1949–60, formann 1960–65, dagleg leiar 1965–86. I mange tiår var han svært aktiv i samarbeidet lagsbruka imellom på nasjonalt plan, og han var med på alle møter i det første organiserte samarbeidsorganet, Lagsbruksnemnda, frå 1949 til 1979. Frå 1979 var han i fleire år styremedlem i den nyskipa Lagsbrukssamskipnaden - seinare Norske Lagsbruk. I Vestlandsbanken - også med forankring i norskdomsrørsla - hadde han tillitsverv frå 1963 og var styreformann 1975–87. Han har dermed hatt ein særskild utkikkspost over den økonomiske verksemda i nasjonen generelt og spesielt i den rørsla han sjølv var ein del av.

Kåre Kolås fekk Kongens fortjenestmedalje i gull i 1987.

For Kåre Kolås var det ikkje eigenverdien ved den økonomiske verksemda i norskdomsrørsla som var det viktigaste. Det avgjerande for han var å få fram kva desse tiltaka hadde å sei for kulturarbeidet i laga - i ei tid lenge før det var snakk om offentleg stønad til slikt arbeid. Det var tilskot frå lagsbruka som skapte det økonomiske fundamentet for storprosjekt som t.d. utgjeving av Bibelen på nynorsk og Det Norske Teatret i Oslo.

Som medmenneske og ideologisk inspirator var Kåre unik. Mild og tolerant, men klok og klartenkt. *Sjølv* med klare meiningar om mangt i samfunnet og i rørsla, visste han også når det var tid for å la andre sleppa fram.

For eit livslangt, trufast arbeid for rørsla - og for ditt engasjement med å gjera oss stolt over vår kulturelle forankring og historie - vil me signa minnet om deg og takka deg med diktaren sine ord:

"Du gav oss ein arv til å gøyma. Han er større en mange vil tru"

2007

Nils Seland

Dagleg leiar i Norske Lagsbruk